

Austevoll vidaregåande skule

Dato: 09.08.2016  
Vår ref.: 2016/1922-46  
Saksbehandlar: marvirk  
Dykkar ref.: «REF»

v/Vivian Bjånesø Horgen

## Investeringsmidlar 2016 - Austevoll vidaregåande skule

Viser til dykkar søknad om investeringsmidlar til diverse utstyr. Opplæringsavdelinga har i 2016 eit investeringsbudsjett på 37 mill kr til fordeling. Innmeldt behov frå skulane er på i overkant av 94 mill kr. Dette gjer at ei rekkje tiltak ikkje kan prioriterast i 2016.

Austevoll vidaregåande skule får innvilga **kr 650 000,- inkl moms** til ny livbåt og krokarrangement under føresetnad om at utstyret kan leverast og betalast i 2016. Om dét ikkje er mogleg, må skulen melde dette tilbake så raskt som mogleg, slik at midlane kan omdisponerast til andre skular.

Anskaffinga skal gjerast i tråd med HFK sitt innkjøpsreglement og gjeldande rammeavtalar. Skulen må ta kontakt med Arnfinn Rekve for å få bistand til dette.

Rekningane betalast av Opplæringsavdelinga. Skulen bestiller varer og tenester og tek imot rekningane for kontroll og sender desse vidare i Basware til Cathrine Øvredal Mellingen.

I kommentarfeltet i Basware skal det leggjast inn ein referanse til dette brevet og visast til prosjektnummer 09520 - Utstyrsmidlar.

Det er ikkje høve til å overføre midlane til 2017. **Alle rekningar må derfor betalast i 2016.**

Birthe Andersen Haugen  
seksjonsleiar

Marit Virkesdal  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Cathrine Øvredal Mellingen  
Arnfinn Rekve

